



Hans Aarnes (1886–1960). Styrar av Bladmannaskulen. Foto med løyve frå Fonna Forlag.

### **“The school of newspaper men”: the first school of journalism in Norway**

**Abstract:** This article describes the establishment of the first Norwegian school of journalism, Bladmannaskulen, and its founder and headmaster, editor Hans Aarnes. The school was founded/started in Bergen in 1919 and is likely the first school of journalism in Scandinavia. It was established by one of the many press organizations in Norway at the time, Norsk Bladmannalag, which was under the leadership of Hans Aarnes. Norsk Bladmannalag actively promoted use of the Nynorsk language in Norway, especially in the press. Aarnes was an experienced newspaper editor who had gained insights into journalism schools in the USA during a six-month study trip in 1918–1919. The school operated as a full-time institution for two years. When it failed to secure government funding, it was transformed into a correspondence school and run privately by Hans Aarnes. Aarnes also wrote several books on journalism education, which were probably the first textbooks on journalism and the newspaper business in Norway.

**Keywords:** journalism education, newspaper business, Norway, Scandinavia, journalism

Fagfellevurdert

# Bladmannaskulen: Den første norske journalistutdanninga

**Sammendrag:** Artikkelen omhandlar etableringa av den første norske journalistutdanninga: Bladmannaskulen og grunnleggaren og rektoren for skulen, redaktør Hans Aarnes. Skulen starta i Bergen i 1919 og var truleg også den første journalistutdanninga i Skandinavia. Bladmannaskulen vart etablert av ein av den tids mange presseorganisasjonar: Norskt Bladmannalag der Hans Aarnes var leiar. Norskt Bladmannalag arbeidde for nynorsk og særleg for nynorsk i blad og aviser. Aarnes var ein erfaren redaktør og hadde også kunnskapar om amerikansk journalistutdanning frå ei seks månaders studiereise i 1918–1919. Bladmannaskulen vart driven som heiltidsutdanning i to år. Etter at skulen fekk avslag på søknad om statsstøtte, vart han omdanna til brevkule og driven som eit privat tiltak av Hans Aarnes. Aarnes skreiv også fleire bøker om journalistopplæring, og dette var truleg dei første lærebøkene i journalistikk og avisdrift i Noreg

**Emneord:** journalistutdanning, avisdrift, Noreg, Skandinavia, Norden, nynorsk, journalistikk



Johann Roppen  
Professor i journalistikk  
ved Høgskulen i Volda  
[johann.roppen@hi.volda.no](mailto:johann.roppen@hi.volda.no)

Journalistutdanninga Bladmannaskulen vart etablert i Bergen 1919 som ei eittårig utdanning med åtte månaders undervisningstid. Skulen retta seg mot journalistar som ville skrive på nynorsk.<sup>1</sup> Den sentrale personen bak Bladmannaskulen var redaktør Hans Aarnes (1886–1960). Aarnes var både initiativtakar, rektor på skulen og leiar for organisasjonen som stod bak Bladmannaskulen: Norskt Bladmannalag. Bladmannaskulen sökte to gonger om statleg støtte, men fekk avslag frå eit samrøystes Storting både i 1920 og 1921. Bladmannaskulen vart deretter omdanna til brevkule som under ulike namn og institusjonelle tilknytingar heldt fram med å tilby brevkurs i journalistikk i over 60 år.

Norsk Journalistskole vart etablert i Oslo i 1965, og det vart gjort fleire utgreiingar om journalistutdanning i Noreg før skulen starta. I fleire av desse utgreiingane står det at Bladmannaskulen i Bergen var den første norske journalistutdanninga.<sup>2</sup> Hans Fredrik Dahl omtalar også Bladmannaskulen som ein «school of journalism».<sup>3</sup> Også i Store norske leksikon vert Bladmannaskulen rekna som den første journalistutdanninga.<sup>4</sup>

Johann Roppen (f. 1967) er professor i journalistikk ved Høgskulen i Volda. Han er dr.polit. i masse-kommunikasjon og mediekunnskap frå Universitetet i Bergen (2003) på ei avhandling om eigar-konsentrasjon, redaktørar og journalistikk i norske avisokonsern. Han var rektor ved Høgskulen i Volda åra 2015–2023.

Det er også truleg at Bladmannaskulen var den første journalistutdanninga i Norden, sidan det ikkje er dokumentert at det vart starta journalistskular i dei andre nordiske landa før 1919.<sup>5</sup> I ein artikkel i *Dagspressen* i 1946 meinte i alle fall Hans Aarnes sjølv at Bladmannaskulen både som heiltidsskule og som brevskule var av dei aller første i Europa.<sup>6</sup>

I seinare forsking på journalistutdanning i Noreg har Bladmannaskulen fått mindre merksemd og eigentleg ikkje blitt rekna som ein vesentleg del av historia til norsk journalistutdanning. Eitt døme på det er ei bok av Birgitte Kjos Fonn med tittelen *50 år med journalistutdanning*.<sup>7</sup> Boka handlar i all hovudsak om Norsk Journalistskole og journalistutdanninga som i dag er ein del av OsloMet, og dermed er også startåret sett til 1965. Men set vi starten på journalistutdanninga til Bladmannaskulen og 1919, kan vi forlenge norsk journalistutdanning til over 100 år.

Kva som skal reknast som journalistutdanning, er naturlegvis avhengig av kva ein forstår som journalistutdanning, og kva definisjonar ein legg til grunn. Den svenske forskaren Elin Gardeström<sup>8</sup> understrekar at journalistutdanningar må sest på som produkt av si samtid, og at ei journalistutdanning blir utvikla i eit møte med eller i kamp mellom ulike felt med ulike interesser. Ulike oppfatningar av slike spørsmål kan vere årsaka til at Bladmannaskulen i liten grad har vore tema i journalistikkforskinga, forskinga på medieinstitusjonar og i mediehistorisk forsking i Noreg. Forskinga på feltet har fokusert på det Birgitte Kjos Fonn kallar «akademisering av eit fag»,<sup>9</sup> med merksemda retta mot etterkrigstida.<sup>10</sup>

Det har ikkje vore gjort akademiske arbeid som har hatt Norsk Bladmannaskule som viktigaste fokus, og det er nok ei viktig delforklaring på kvifor Bladmannaskulen har vorte lite omtala i sentrale historieverk.<sup>11</sup> I nyare tid er det særleg Ottar Grepstad som har bidrege til å løfte fram Hans Aarnes og Bladmannaskulen i norsk avishistorie<sup>12</sup> og ikkje minst i nynorsk avishistorie<sup>13</sup>. I Norhild Joleiks masteroppgåve er også Bladmannaskulen omtala i lys av redaktør Albert Joleik, som var ein av lærarane på Bladmannaskulen.<sup>14</sup>

Dei viktigaste kjeldene til informasjon om Bladmannaskulen finn vi i to bøker som Norskt Bladmannalag gav ut i samband 10-års- og 25-årsjubileet sitt.<sup>15</sup> I desse bøkene vert det blant anna lista opp kva emne som vart undervist i på skulen, og namna på elevane som hadde gått på skulen. Journalistutdanninga gjennom brevskulen er også omtala i fleire arbeid av Sunnanå.<sup>16</sup> I Nasjonalbiblioteket er det dokument som fortel meir detaljert om førrearbeidet til Bladmannaskulen og arbeidet internt i Norskt Bladmannalag. Hans Aarnes gav ut fleire lærebøker til bruk i Bladmannaskulen, og desse er også tilgjengelege hos Nasjonalbiblioteket, men få av dei er digitaliserte. Desse og andre kjelder er synte til i sluttnotar.

Vi skal her gå inn på både bakgrunnen for at Bladmannaskulen vart etablert, og korleis han utvikla seg. Det er heilt nødvendig å også omtale Hans Aarnes, då han og Bladmannaskulen var nærmast eitt og det same frå starten i 1919 og i mange år etterpå. Skulen var både eit produkt av si samtid og samtidig eit resultat av initiativet og gjennomføringskrafta til Hans Aarnes. Skulen heldt på berre i to år som heiltidsutdanning og fekk ikkje statsstøtte. Kvifor ikkje er eit viktig spørsmål. Innhaldet i undervisninga og omdanninga til brevskule er viktige tema for å kunne vurdere om skulen kunne reknast som ei journalistutdanning. Kven var elevane på Bladmannaskulen, og kva blei det av dei? Vart dei journalistar? I kva grad elevane var eller blei journalistar, er også viktig for å kunne vurdere Bladmannaskulen som journalistutdanning. Og ut frå dette kan vi seie meir om korleis Bladmannaskulen kan vurderast i norsk og nordisk journalistutdanning.

### **Starten på journalistutdanning: reisestipend og kurs**

I Noreg bidrog både offentlege og private aktørar til utvikling av journalistikken gjennom å tildele journaliststipend. Til dømes fekk Aasmund Olavson Vinje i 1862 stipend frå Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab for å reise til «England og Scotland».<sup>17</sup> Frå 1896 løyvde Stortinget midlar til reisestipend til journalistar.

Seinare kom også fleire private aktørar på banen og sette av ymse ordningar til stipend for journalistar – heilt sikkert også som ei form for mediepåverknad og mediesubsidiar frå aktørar med ymse motivasjonar. I Sverige såg ein det same fenomenet.<sup>18</sup>

Norsk Presseforbund vart skipa i 1910 og var ei felles foreining for journalistar, redaktørar og blad eigagarar.<sup>19</sup> Presseforbundet fekk etter kvart ansvaret for å fordele mange av stipenda retta mot aviser og journalistar. Dette vart såleis tiltak som både gjekk på tvers av den einskilde avisbedrifta og ofte bidrog til å styrke det faglege nivået. Stipenda skulle som regel ha eit fagleg formål og ikkje vere reine ferie eller reportasjereiser, og det var gjerne snakk om reiser til utlandet.

Ei av dei første sakene som Norsk Presseforbund arbeidde med, var å etablere journalistutdanning i Noreg. Og Presseforbundet prioriterte nokre av reisestipenda til pressefolk som ville studere journalistutdanning i andre land. I 10-års jubileumsboka si frå 1920 fortalte Presseforbundet at fleire personar hadde fått stipend for å studere journalistutdanningar i andre land. Det var tre som reiste til USA, og ein som reiste til Storbritannia. Denne sterke interessa for journalistutdanning i USA delte norske pressefolk med andre land.<sup>20</sup>

Kva var status på journalistutdanning i Amerika? Ifølge den amerikanske forskaren Joseph Mirando kom dei første kurstilboda i journalistikk på universitetsnivå i gang i USA på slutten av 1800-talet. Cornell (New York) var det første universitetet som i 1875 tilbaud noko som likna på ein grad i journalistikk, og i 1899 tilbaud universitetet i Chicago det første brevkurset i journalistikk.<sup>21</sup> Universitet i Missouri gjer krav på å ha starta den første «School of journalism» i 1908, altså ei journalistutdanning som ikkje var underlagd eit anna fagområde.<sup>22</sup>

No var det ikkje heilt utenkt heller i Noreg at det kunne vere behov for ei utdanning for bladfolk. Redaktør N.J. Sørensen i avisa *Posten* i Skien hadde så tidleg som i 1893 reflektert omkring behovet for ein «redaktørskole». Dei fleste avisene var på denne tida einmannsredaksjonar, så det var opplagt og nødvendig at redaktøren dreiv med journalistikk.<sup>23</sup> Det er mogleg Sørensen var den første som lanserte ideen om ei utdanning for redaktørar og journalistar, utan at han kallar framleggjet sitt for journalisteskule.

Arbeidarpressemannen Christian Hilt argumenterte i ein artikkel i *Journalisten* i 1917 for ein heiltids journalisteskule over to eller tre år. I same utgåva av *Journalisten* var både statsminister Gunnar Knudsen og rektor på Universitetet i Oslo Bredo Morgenstierne positive til tanken. Men Norsk Presseforbund var delt i synet på ei heiltids journalistutdanning, så ei konkret oppfølging av ideane til Hilt kom aldri frå Presseforbundet si side. På denne tida var dei aller fleste norske aviser tilknytte politiske parti. Det er difor relevant å bruke eit politisk perspektiv også på utviklinga av journalistutdanninga. Christian Hilt (1888–1958) var journalist og redaktør i fleire aviser i arbeidarpressa og seinare i den kommunistiske pressa. Hilt var i fleire år medlem av styret i Trøndelag Presseforening og fekk også stipendreise frå Norsk Presseforbund.<sup>24</sup> Hilt var ein skarp debattant som også kritiserte andre pressefolk og aviser langs dei politiske konfliktlinjene som rådde i tida.<sup>25</sup> Vi kan ikkje sjå bort frå at sidan framleggjet om ei journalistutdanning vart framført av ein radikal journalist, så vart representantar for dei etablerte partia Høgre og Venstre skeptiske til ideen om ei journalistutdanning. Ei anna side ved dette er at tilgangen på godt utdanna og motiverte folk truleg var langt betre i Oslo enn på andre stader i landet, blant anna fordi landets einaste universitet låg i Oslo, så oslopressa var kanskje mindre motivert for å starte journalistutdanning enn pressefolk andre stader i landet.

Men pressa samla seg om å arrangere journalistkurs. Norsk Presseforbund og Kristiania Journalistklubb arrangerte sitt første journalistkurs i 1917. Kurset vart halde på Universitetet i Oslo over åtte dagar og med 60 deltakarar. Innhaldet var ei blanding av førelsingar på universitetet og «besøk på avstrykkerier, offentlige institutioner, verksteder og fabriker». Dette var det første «felles» kurstilbodet til journalistar i



Det var i 1920 fem dagsaviser på nynorsk: *Gula Tidend* (Bergen), *Bondebladet* (Voss/Bergen), *Agder Tidend* (Kristiansand), *Norig* (Skien) og *Den 17de Mai* (Oslo).

rundt 1850 og hadde i praksis vorte akseptert som sidestilt med bokmål gjennom eit stortingsvedtak i 1885. Nynorsk hadde deretter sterkt vekst i utbreiing fram til andre verdskriga, særleg i skulen, kyrkja og kommunal verksemder, der val av språkform vart avgjort gjennom folkerøystingar. I nasjonal utbreiing nådde nynorsk som skulemål kanskje opp i 30 prosent av alle skulebarn i åra rundt 1940, men har gått tilbake i utbreiing i etterkrigstida. Også i dag er det mange lokale aviser som vert redigerte heilt eller delvis på nynorsk.

I 1918 fekk Hans Aarnes stipend for å reise til USA og studere journalistutdanning. Han var då redsjonssekretær i avisas *Gula Tidend* i Bergen og samtidig leiar i Norskt Bladmannalag. *Gula Tidend* var den leiande nynorskavisa utanfor Oslo og hadde ein redaksjon med fleire tilsette. Aarnes reiste til USA kort etter at første verdskriga var ferdig hausten 1918, og kom tilbake våren 1919.

Aarnes formidla frå reisa i fleire lokale presselag og i Norskt Bladmannalag «der tanken um aa reisa ein bladmannaskule i Bjørgvin vart teken upp og tri maanader etter sett ut i livet». <sup>28</sup>

Universiteta Aarnes besøkte, var i Madison (Wisconsin), Minneapolis (Minnesota), Columbia (New York) og i Seattle (Washington). Desse journalistutdanningane var i 1919 framleis nokså nye og var blitt etablerte dei siste ti–tjue åra.<sup>29</sup>

Norskt Bladmannalag hadde ikkje hatt journalistutdanning på dagsordenen i arbeidsprogrammet sitt

Noreg som vi veit om.<sup>26</sup> Presseforbundet søkte deretter i fleire år om statlege midlar på kr 8000 til tiltaket og ville også starte eit landslotteri for å skaffe pengar til kursverksemda. Liknande kurs vart gjennomførte i 1923, 1928 og 1934. Alle desse nemnde kursa retta seg mot «særleg de yngre journalister», altså journalistar som alt var tilsette i aviser og blad. Dette var altså etterutdanningskurs og truleg ikkje startkurs for deltakarane.

### **Nynorsk, Norskt Bladmannalag og Bladmannaskulen**

Hans Aarnes var den sentrale einskildpersonen i arbeidet med å etablere Norsk Bladmannaskule i 1919. Aarnes hadde brei pressebakgrunn som journalist, redaktør og/eller dagleg leiar i aviser i Ålesund, Skien, Odda og Bergen. Han hadde i 1913 teke initiativet til å etablere Norskt Bladmannalag, som var ein organisasjon for nynorske aviser, journalistar og redaktørar.

Ottar Grepstad meiner åra 1920–1939 var «stordomstida» for nynorske aviser, ved at det vart etablert 44 aviser som nyttet nynorsk – og nokre få som skifta frå bokmål til nynorsk.<sup>27</sup> Og i tillegg var det aviser som brukte begge målformene. På denne tida var det knytt sterke politiske og kulturelle kjensler til val av språkform, både for eigalarar, redaktørar, journalistar, lesarar og annonsørar. Nynorsk som språkform hadde vorte etablert gjennom Ivar Aasen sine arbeid

# Norsk bladmannalag

held aarsmøte skirtorsdag 17. april kl. 11 fm. paa Voss i  
Prestegards hotel.

## Saklista :

1. Aarsmelding fraa styret og fraa nemder.
2. Rekneskap, lagskassa og stipendkassa.
3. Val av styre og stipendnemd.
4. Journalistskule, fyrerøda av formannen.
5. Andre saker.

## Styret.

*Norsk Bladmannalag og Hans Aarnes sette journalistskule på dagsordenen så snart Aarnes kom tilbake frå Amerika. Klipp frå Gula Tidend (Bergen), 14. april 1919.*

i 1917, men etter at Aarnes kom tilbake frå USA, endra dette seg raskt. På årsmøtet i april 1919 vart styret oppmoda til å «taka upp arbeidet for ein norsk bladmannaskule». Føremålet med Bladmannaskulen var:

«(...) aa gjeva unge menn og kvende upplæring i praktisk bladarbeid samstundes som ein freistar vidka og byggja upp deira kunnskapar i dei emne som er mest naudsynte for bladfolk: socialøkonomi, samfundsrett, næringsliv, spraak, landkunna og soga.»<sup>30</sup>

Bladmannalaget resonerte også omkring kvar skulen burde ligge, og Bergen vart valt blant anna fordi Bladmannalaget og andre målfolk håpa på at det skulle bli etablert eit nynorsk universitet i Bergen. Aarnes meinte det var rimeleg at det vart etablert ein «dansk-norsk journalistskule» ved Universitetet i Oslo, men meinte nynorsken ville tape om det berre vart etablert ein skule ved Universitetet i Oslo:

«Dei norsk-danske vilde hava all vinning paa ein slik skipnad, og me vart verande husmenn under deim. Lat oss difor freista tufta oss eit høgsæte ved universitetet i Bjørgvin.»<sup>31</sup>

I juli 1919 kalla Bladmannalaget inn til aalmannamøte i Bjørgvin [Bergen] 27.juli. Einaste sak på dagsordenen var «Bladmannaskulen». Bladmannalaget støtta planane og ønskte samtidig at det skulle kome statsstøtte til skulen. Skulen skulle vere i åtte månader, skuleåret gjekk frå 1. september til 30. april året etter. Og det var skulepengar på 30 kroner per månad. Budsjettet synte at skulen trøng store tilskot i starten. Aarnes hadde naturlegvis laga planen for skulen, på vegner av Bladmannalaget.



Bladmannaskulen heldt i Firdaheimen, som er hus nummer to frå høgre i bildet. Adressa var Strandgata 120 i Bergen. Området er i dag nedbygd av høghus. Foto: Olai Schumann Olsen / Universitetsbiblioteket i Bergen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-so-0630.html>.

Opptakskrava var at ein helst hadde eksamen artium frå landsgymnas med nynorsk som opplæringsmål, eller tilsvarande. Det vart lagt særleg vekt på at elevane var flinke i norsk stil, og det måtte leggast fram vitnemål for god framferd.

Hausten 1919 tok skulen til med ti elevar, og undervisningslokalet var i hotell Firdaheimen i «Strandgata ved Nykyrkja», som målmennene skreiv.

### Mottaking av planane

Planane om Bladmannaskulen vart sommaren 1919 formidla breitt, både i nynorskavisar, bokmålsavisar og i fagbladet *Journalisten*.

*Bergens Tidende* og fagbladet *Journalisten* trykte den fullstendige planen for Bladmannaskulen.<sup>32</sup> Dermed var planane vel kjende. Nokre kritiske kommentarar til planane kom også fram. Det handla både om at dette ville bli ein skule for nynorskfolk, men det var også kritiske røyster til ambisjonsnivået.

*Asker og Bærum*s Budstikke trykte ein artikkel med tittelen «Maalfolkets freidighet», der det kom klart fram at skribenten ikkje hadde mykje til overs for tanken. Og følgande:

«Vi er selvfølgelig ikke et øieblikk i tvil om, at statsraad [Jørgen] Løvland med begge hender griper denne anledning til aa gjengjælde de tjenester landsmaalspressen i årenes løp har ydet ham.»<sup>33</sup>

*Vestlandske Tidende* i Arendal var også kritisk og meinte det eigentleg var behov for ein felles journalisteskule.<sup>34</sup>

I ein usignert artikkel i *Tidens Tegn* i Oslo kom kanskje den klaraste kritikken til ideen om ein Bladmannaskule, og då først og fremst ut frå at eit åtte månaders kurs og små ressursar ville gje ei dårlegare journalistutdanning enn om dei framtidige journalistane studerte ved universitetet.<sup>35</sup>

Avisa *Norig* i Skien gjekk i rette med *Tidens Tegn* og meinte at avisar var imot alt som handla om målsak. *Norig* argumenterte vidare med at det var nødvendig med ei eiga journalistutdanning, for «taeft» fekk du ikkje opplæring i på universitetet. Men *Norig* undra seg også over breidda i dei mange faga det skulle undervisast i.<sup>36</sup>

Avisa *Bondebladet* (Voss) gjekk også til rettes mot *Tidens Tegn* og både klipte inn delar av artikkelen frå *Norig* og hadde også ein eigen kommentar.<sup>37</sup> Ein venleg kommentar kom i avisar *Hardanger* (Odda), der skribenten støtta den nye skulen, men stilte også spørsmål ved at skulen var «amerikansk», og at det også var amerikansk tempo over den farta skulen vart starta opp med.<sup>38</sup>

Frå det ein kan kalle dei etablerte aktørane i norsk presse, var det få kommentarar til planane sommaren 1919. Den mest gjennomarbeidde kom kanskje frå Toralv Øksnevad, som skreiv ein kronikk i *Dagbladet* med tittelen «Journalistene og staten». Kronikken vart også trykt i *Journalisten*. Øksnevad var på den tida leiar i Oslo Journalistklubb. Øksnevad tykte det var heilt rimeleg at det vart skipa ei journalistutdanning for nynorskbrukande journalistar, sidan dei både når det gjaldt rekruttering av journalistar og statleg annonsering og språk i offentlege dokument, møtte hinder som riksmålspressa slapp å møte: «Vaare landsmaalsaviser arbeider under urettferdig vanskelige forhold», konstaterde Øksnevad. Han nyttar ikkje nyare omgrep som informasjonssubsidiar, men det handla om det same. Og vidare:

«Norsk bladmannahags fortjenestfulle tiltak har stillet staten overfor hele spørsmålet om de norske pressemenns utdannelse. Samfundets interesse av at denne blir saa god som mulig er saa innlysende, at det neppe er nødvendig aa argumentere for at dette spørsmålet blir tatt opp i hele sin bredde.»<sup>39</sup>

Også i kristelege krinsar og frå landbrukshald vart behovet for journalisteskular for deira område diskutert, utan at det vart realisert. Men seinare vart det oppretta politiske parti nettopp med utspring i landbruket (Bondepartiet, seinare Senterpartiet) og kristenrørsla (Kristeleg Folkeparti), og begge partia splitta og svekte partiet Venstre, som på avgjerande vis hadde vore målrørslas politiske støttespelar.

Det var altså støtte til planane frå nynorskheld, kritikk frå motstandarar av nynorsk, noko uvisse om kva dette kunne bli for slags skule – og stort sett stille frå sentrale aktørar i norsk presse.

Vi ser også at ulike politiske aktørar såg på pressa, journalistar og dermed truleg også ei journalistutdanning som ei forlenging av politiske og ideologiske stridar. Det kan vere grunn til å minne om at i 1919 var så godt som alle avisar i landet knytte til politiske parti, og dette var også situasjonen i mange år framover. Henrik Bastiansen har i si historieskriving om partipressas fall i Noreg rekna etterkrigstida som senit, som toppunkt for partipressa som system i Noreg,<sup>40</sup> altså 30 år seinare.

## Innhaldet i journalistutdanninga

Innhaldet i undervisninga ved Bladmannaskulen er dokumentert både gjennom samtidige avisartiklar og i 10-årsskriftet og 25-årsskriftet til Bladmannahaget.<sup>41</sup>

Overordna ser vi at innhaldet i utdanninga var ein kombinasjon av tre element: for det første det vi kan kalle journalistikk, språk og mediefag, for det andre journalistisk praksis, og for det tredje samfunnsfag og samtidsorientering. Eitt element i utdanninga som kunne dekke mange felt, var tilgang på og tid til å lese aviser og tidsskrift. Dette var ein del av faget også ved journalistutdanningane ved Columbia og Seattle, noko Aarnes hadde notert seg frå si USA-reise. Sunnanå<sup>42</sup> konstaterte då også at «Planen for Bladmannaskulen var utarbeidd etter amerikansk mønster slik det høvde for norske tilhøvere».

Samanliknar vi innhaldet i undervisninga med moderne journalistutdanning, er mangelen på medieetikk ein stor skilnad. Medieetikk eller presseetikk eksisterte knapt nok som omgrep i 1919, og norsk presse fekk først ut i 1930-åra Ver varsam-plakaten og eit fagleg utval som skulle røkte presseetikken.<sup>43</sup> Men ut frå arbeida til Aarnes og innledda hans i den faglege debatten i pressa ser vi at grunnleggande etiske haldningar og praksisar – som til dømes å skilje mellom fakta og kommentar, tilsvarsrett og å vere varsam i omtale av utsette grupper – var etablert hos Aarnes før det etiske regelverket vart meir formalisert. Men straffelova og andre lover var Aarnes oppteken av og formidla mykje frå, blant anna ved at han skreiv eit eige arbeid om den nye åndsverklova.<sup>44</sup>

Skulen skulle ikkje ha fast tilsette lærarar, men nytte seg av gjesteførelesarar utanfrå. Dette hadde vore ein del av planen for skulen.<sup>45</sup> Fleirtalet av lærarane ved Bladmannaskulen som heiltidsskule var nok målfolk, blant andre Albert Joleik, som var lærar i framandspråk.<sup>46</sup>

I jubileumsskriftet til Bladmannalaget frå 1923<sup>47</sup> er det lista opp kven som var lærarar då skulen starta i 1919, og det gjev oss også eit oversyn over kva emne som var tema på skulen:

**Tabell 1: Lærarar og emne på Bladmannaskulen (1919)**

Bladmann Hans Aarnes [Gula Tidend]	Styrar, lærar i bladarbeid og bladteknikk
Bladmann Haakon Torsvik [Bergens Tidende]	Bladarbeid og bladteknikk
Bladstyrar Albert Joleik [Gula Tidend]	Omsetjing frå svensk, dansk, islandsk, færøysk, engelsk fransk og tysk
Professor Torleiv Hannaas [Bergens Museum]	Norsk og bladsoga
Lektor [Anders] Seim	Nyare heimssoga [nyare verdshistorie]
Kand.økon. H.R. Hjortnes	Samfundslæra, socialøkonomi, handel og økonomisk landkunna [økonomisk geografi]
Yverrettssakførar J. Endregaard	Retttsvitenskap
Jordbrukskandidat Sigurd Liland	Jordbruk
Skipsreidar Adolf Anderssen	Skipsferdsla
Fiskekonsulent Thor Iversen	Fiske
Ingeniør Hans Tvedt	Industri
Forretningsførar R. Ingvaldstad	Driftsstyring og forretningsførsla
Handelslærar Hans Nordhuus	Maskinskriving, brevbytte og stenografi

Faga bladarbeid og bladteknikk er nærmere omtala i planen for skulen og omfattar følgande delområde: nyhendefretting (nyhendarbeid), bladteknik (avisredigering), prenteverket (trykkeriet), sendestova (administrasjon og økonomi). Om nyhendefretting står det vidare:

Korleis ein skal faa tak i nytt og korleis ein skal skriva det. Praktisk øving i aa taka i mot nytt i telefon og fraa telegraf, like eins aa senda nytt i telefon og telegraf. Organisering av nyhendekjeldor til eit dagblad eller eit blad som kjem 2-3 gonger i vika. Øvingarne vert knytt til dagblad og vikeblad som kjem ut paa norsk kring um i landet.<sup>48</sup>

Av dette knappe sitatet ser vi at elevane på Bladmannaskulen skulle øve seg dei kommunikasjonsmidla som var tilgjengelege på den tida (telefon og telegraf), og at dei skulle organisere nyhendekjelder, altså drive systematisk nyhendarbeid innanfor ramma som det viktigaste massemediet på den tida sette: dagsaviser og vekeaviser.

Ein av lærarane i 1919 var professor Torleiv Hannaas (1874–1929) ved Bergens Museum, forløparen for Universitetet i Bergen. Hannaas sat i rådet for Bladmannaskulen og underviste i norsk og i «bladsoga» på Bladmannaskulen, og han var også ein ivrig boksamlar. På Bergens Museum var han professor i nordisk målvitskap og folkeminneveitskap. Han var også ein engasjert målmann.<sup>49</sup> For å bruke dagens omgrepssapparat kan vi kanskje seie at professor Hannaas sikra det akademiske nivået på Bladmannaskulen.

Bladmannaskulen hadde også sitt eige bibliotek, og dette biblioteket var ein ressurs for elevane på brevskulen. Sunnanå refererer til utlånslistene frå skulen og skriv at elevane var flinke til å låne bøker:

«(...) særleg vanskeleg tilgjengelege utanlandske bøker, t.d. E.L. Shuman: Practical journalism, Frank Thayer: Newspaper management, James Edward Rogers<sup>50</sup>: The american newspaper, Paul Harms: Die Zeitung von heute, Emil Dovifat: Zeitungswissenschaft o.a.»<sup>51</sup>

Den tyske journalisten Emil Dovifat (1890–1969) inspirerte også andre norske journalistar, blant anna Svein Elvestad og seinare Jo Bech-Karlsen,<sup>52</sup> så Bladmannaskulen ser ut til å ha vore tidleg ute med å tilby elevane interessant internasjonal litteratur.

Vi veit mindre om kven som var lærarar då skulen vart omdanna til brevskule, men ut frå det vi veit om talet på elevar og innhald i utdanninga, er det nok truleg at Hans Aarnes dreiv skulen stort sett aleine. Då Aarnes utvida brevskulen til andre fag under andre verdskrigen, tok redaktør Agnar Skeidsvoll over som hovedlærar på journalistutdanninga. Skeidsvoll var redaktør i *Gula Tidend* i 1940, og avisar la sjølv ned drifta i protest mot invasjonen – som ei av svært få avisar.

Denne gjennomgangen syner både at Aarnes var internasjonal orientert, at innhaldet i utdanninga var tydeleg retta mot både praktisk og teoretisk journalistikk, og at det i lærarstaben også fanst akademisk kompetanse på høgste nivå.

### Læremiddel og fagbøker i journalistikk

Bladmannaskulen og Hans Aarnes gav ut dei første lærebökene i journalistikk og avisdrift i åra 1922–1928. Vi ser altså at det faglege arbeidet som vart lagt ned i Bladmannaskulen, heldt fram gjennom brevskulen, og truleg var det mykje av det same innhaldet som vart formidla i heiltidsskulen og brevskulen.<sup>53</sup> Vi ser at Aarnes og Bladmannalaget nyttar dei same tekstane på nytt både i jubileumsskrifta for Bladmannalaget, i ulike utgåver av bökene til Aarnes og i reklameskrift for Bladmannaskulen.

Aarnes sine hefte om journalistutdanning og journalistikk vart gjevne ut i fleire ulike versjonar, og dei fleste som einskildståande bøker i åra 1920–1929. I 1943 gav Aarnes ut boka *Bladarbeid* på ca. 150 sider, og dette er eit slags samleverk som inneholdt det meste frå dei tidlegare hefta samla, rett nok med nokon omarbeidinger og nedkortingar. Men han har også lagt til eit nytt avsnitt på 14 sider om «Ferdabrev». Tidspunktet er ikkje tilfeldig. Under krigen auka etterspurnaden etter brevskular mykje, og Aarnes

og Bladmannaskulen ønskte å treffe marknaden. Sunnana<sup>54</sup> skriv at inntektene frå brevskulen var på over kr 30 000 i 1943, over 51 000 i 1944 og over 40 000 i 1945. Men i åra etter krigen gjekk inntektene kraftig ned til 13 000 i 1946, og første halvår 1947 var inntektene på litt over 4000 kroner. Ei vanleg års-lønn under andre verdskrigene kunne vere på 2000 kroner,<sup>55</sup> så aktiviteten innanfor Fram brevkule svarte altså til mange titals årsverk i 1943–1945.

#### **Her er eit oversyn over bøkene Hans Aarnes skreiv, og som er relevante for journalistutdanning.**

**Dei er presenterte i kronologisk rekkefølge etter når dei først kom ut:**

- Journalistskular i Amerika (1920)
- Bygdemeldaren. Handbok for bladmeldarar i bygdene (1922 og 1929)
- Den norske pressa i Amerika : og ein glytt innum døri til amerikanske storblad (1925a)
- Den utsende medarbeidaren (1925b)
- Bladstyraren [Redaktøren] (1926)
- Bladmannen [Journalisten] (1927)
- Bladdrift. Den økonomiske sida (1928)
- Bladarbeid [samlevert med tidlegare utgjevingar] (1943)
- Den norske pressa i Amerika : frå 1847–1925 (1945)

Ordnar vi bøkene etter tema eller avsnitt som blir dekte i bøkene til Aarnes, stig det fram eit heilskapleg oversyn over kva han meinte ein journalist trong å lære innanfor det vi kan kalle faget journalistikk på Bladmannaskulen. Og det er uavhengig og upartisk journalistikk og klart skilje mellom nyhende og kommentar som vert formidla av Aarnes, og med merksemd om godt, lettfatteleg språk og korrekte fakta. Elevane skulle også ha praktiske øvingar og andre fag som avishistorie, språk, samfunnslære og andre fagområde som landbruk, fiskeri, industri og økonomi.

I hefta til Hans Aarnes er det knapt nok ein einaste referanse til andre bøker eller artiklar. Det er nok mest truleg praktikaren Aarnes som formidlar frå sine eigne erfaringar og ideal, og ut frå kva som var vanleg i pressa på den tida.

Det er ikkje plass her til å gå detaljert inn på det faglege innhaldet i lærebøkene til Aarnes, men det viktigaste er i denne samanhengen at desse lærebøkene handlar om allmenn journalistikk og bladdrift. Dei formidlar ikkje snever propaganda for målrørla eller for einskilde politiske eller ideologiske synspunkt – det var altså ikkje ein skule for landsmålspropaganda. Like fullt er det klart at innhaldet formidlar Aarnes sine ideal for korleis journalistikk og avisar bør drivast. Til dømes finn vi at han ikkje er spesielt glad i å omtale brotsverk eller det vi kan kalla negative nyhende. Her markerte han seg i seinare år som ein tydeleg indre kritikar av utviklinga i norsk presse i retning av for nærgåande omtalar i kriminalsaker.<sup>56</sup>

#### **Stortinget avslår å gi støtte**

Bladmannaskulen starta opp utan å ha fått lovnad om pengestøtte frå Stortinget, og fåvemidlar var startkapitalen fram til statsstøtta kom på plass. Slik skulle det ikkje gå. Tre gonger vart søknaden behandla: i 1920, i 1921 og 1922. Søknaden fekk positiv omtale av fire representantar i 1920,<sup>57</sup> men dei sa ingenting om søknaden i 1921. Søknadene vart avslått av eit samrøystes Storting. Etter det andre avslaget stoppa Bladmannaskulen som heiltidsskule, men heldt fram som brevkule under same namn. Det var først i 1965 at staten skulle finansiere ei journalistutdanning i Noreg.

Det er i grunnen overraskande at Bladmannaskulen ikkje fekk statsstøtte, og at søknaden vart samrøystes avslått. Det vart søkt om ca. 15 000 kroner i tilskot til skulen. Dette skulle dekke halvparten av

# Bladmannaskulen i Bjørgvin.

Nytt praktisk-teoretisk skeid paa 8 maanader vert sett i gang 1. september, um skulen faer dei tilskot som trengst.

Læremne: Bladarbeid, norsk, nyare heimssoga, rettsvitenskap, samfundsleira, socialøkonomi, jordbruk, fiske, skipsferdsla, handel, industri, bladsoga, forretningsforsla ved bladdrift, maskinskriving. Valfritt: Stenografi, umsetjing fraa engelsk, fransk og tysk. (Skulen hev 18 lærarar).

Dei som skal verta teknar til læresveinar lyt helst hava eksamen artium fraa eit norskmaalsgymnas. I anna høve krevst tilsvarende kunnskap.

Hospitantar: Skulen er open for bladmenn yver 23 aar som hev arbeidt minst eit aar ved norskmaalsblad og ynskjer vitja skulen for aa auka sine kunnskapar i praktisk eller teoretisk leid.

Skulepengar: 30 kr. maanaden.

Søknad um upptaking, hjaalagt vitnemaal for tidlegare skulegong og framfert, sender ein til styret for skulen innan 15. august.

(Bye.)

Klipp frå Fædrelandsvennen 31. mai 1920: Bladmannaskulen lyser ut andre opptak på Bladmannaskulen, og tilbyr også etablerte journalistar hospitering.

kostnadene ved skulen. Resten skulle Bladmannalaget dekke sjølv. I budsjettet for søknaden er løn til «styrar og fast lærar» sett til 8000 kroner, så det vart i praksis søkt om midlar tilsvarende to årsløner, eller ein-to millionar kroner etter dagens mål. Beløpet framstår difor som lågt. Den aktuelle statsråden var Jørgen Løvland (V), tidlegare leiar i Noregs Mållag, men departementet og komiteen var negative.

Det kan vere fleire moglege forklaringar på at søknaden ikkje vart prioritert. Ei forklaring som fleire ser ut til å støtte, er at Regjeringa og Stortinget ønskte seg éin felles skule, og at dette også var ønskt frå pressa. Samtidig må vi hugse på at Bladmannaskulen faktisk var i drift, og at det ikkje fanst konkrete planar for ei alternativ utdanning. I 1946 var det likevel denne forklaringa Aarnes brukte: Stortinget ville ikkje støtte ei nynorsk journalistutdanning når det ikkje samtidig vart skipa ei utdanning for bokmålsbrukarar.<sup>58</sup>

Andre forklaringar kan vere den aktuelle politiske situasjonen. Målsaka var eit sentralt stridsspørsmål i samtida og var vanskeleg også internt i Venstre, som hadde vore det dominante partiet sidan 1884. I åra etter første verdskriga hadde Venstre gått kraftig tilbake i oppslutning og hadde i 1920 tapt regjeringsmakta til høgresida. Samtidig var målpunktet Venstre i ferd med å sprekkje i to parti: Venstre og Bondepartiet. Denne kløyvinga av Venstre vart også utkjempa i avisene, der Hans Aarnes høyrde til Bondeparti-fløya.

Aarnes hadde alt før jul i 1920 sluttar i *Gula Tidend* for å bli styrar av Bladmannaskulen. Men han var også sekretær og sterkt pådrivar for å reise kapital til ei dagsavis for bønder i Hordaland og Sogn og Fjordane – i direkte konkurrans med sin gamle arbeidsgivar, venstreavisa *Gula Tidend*. Resultatet vart at *Bondebladet* på Voss fekk utvida nedslagsfelt og vart ei avis som støtta Landmandsforbundet og Bondepartiet – og Aarnes vart tilsett som redaksjonssekretær i avis. Seinare flytta Aarnes frå Bergen og til ei anna avis som støtta Bondepartiet: *Agder Tidend* i Kristiansand.

Så for venstrepolitikarane på Stortinget og lokalt i Bergen kunne det alt i 1920 sjå ut til at Aarnes sin

lojalitet låg hos Bondepartiet og ikkje hos Venstre. Bladmannaskulen til Aarnes kunne dermed oppfattast som ein arena som ville utdanne bladfolk til Bondepartiet, og Aarnes og skulen kunne dermed ikkje rekne med støtte frå Venstre lenger.<sup>59</sup>

Endeleg var det den geografiske dimensjonen. Innanfor målrørsla var det ein konflikt mellom hovudstadsmiljøet (Venstre) og «Bergens-opposisjonen».<sup>60</sup> Nynorskavisa *Den 17de Mai* i Oslo hadde ein kommentar til opprettinga av Bladmannaskulen skrive at Bladmannaskulen burde flyttast til Oslo, då det «vilde vera ei betre øvingsmark» for dei komande bladmennene.<sup>61</sup> Men den geografiske dimensjonen peika også i retning av at Bladmannaskulen kunne bli ein del av eit framtidig universitet i Bergen – men dette argumentet fekk korkje bergensavisene eller politikarar frå Bergen til å støtte Bladmannaskulen.

### **Bladmannaskulen blir brevkule<sup>62</sup>**

Ifolge 10-årsskriftet til Bladmannalaget var det elevane i det planlagde tredje kullet av Bladmannaskulen som bad om å få undervisning som «brevbyte» då den ordinære skulen ikkje starta. Det vart teke opp fem elevar og i 1923 hadde to av dei gjennomført skulen.<sup>63</sup> I 10-årssoga til Bladmannalaget står det litt kryptisk at det vart «sett upp ein skipnad» for å drive skulen som brevkule, men i 25-årssoga står det i klartekst at Hans Aarnes dreiv skulen «for eigi rekning, og hev drive den heile tidi sidan».<sup>64</sup>

Aarnes skreiv sjølv i eit innlegg i bladet *For Bygd og By* i 1924 at Bladmannaskulen alt i 1921 vart lagd om til brevkule. Han hadde ikkje reklamert for skulen, fordi «det berre er eit lite tal elevar som kann verta upptekne», så det var uturvande å lyse ut skulen. «Søknaden hev vore stor nok likevel.»<sup>65</sup>

Sunnanå<sup>66</sup> skriv at Aarnes kjende til brevkuleopplæring i journalistikk frå USA. Forsøk med brevkuleutdanning tok til i Europa midt på 1800-talet. I USA i 1890-åra vart det grunnlagt verksemder som seinare skulle bli verdas største brevkular. Journalistutdanning per brevkule vart truleg prøvd

for første gong i 1899 i regi av Universitetet i Chicago.<sup>67</sup> I Noreg var det Ernst G. Mortensen som var føregangsmannen for brevkuleopplæring. Mortensen starta i 1914 opp Norsk Korrespondenceskole (NKS).<sup>68,69</sup> I 1943 skulle NKS starte opp brevkuleopplæring i journalistikk i direkte konkurranse med Bladmannaskulen og med journalisten Carl Just som lærar. Just skulle seinare bli ein sentral figur i norsk journalistutdanning i etterkrigstida.<sup>70</sup>

Hans Aarnes heldt fram med å tilby journalistopplæring som brevkurs under namnet Bladmannaskulen både i 1920-åra og 1930-åra. Det veit vi fordi han annonserte for tilbodet både då han flytta til Agder i 1923 og til Oslo i 1932. I spesialsamlingane til Universitetet i Bergen er det planar for «brevbyteskeid» for Bladmannaskulen for åra 1923, 1933, 1936 og 1941.<sup>71</sup>

I 1931 annonserte Aarnes også for skulen på bokmål – og valde då overskrifta «Journalist-skolen» i somme annonsar:



Bladmannaskulen var også Journalistskolen. Annonse i Nationen 25. januar 1929.

«**Journalistskolen** gir undervisning pr. korrespondanse. Landsmaal – – riksmaal valgfritt.  
Plan sendes. **Redaktør Hans Aarnes**, Kristiansand S.»<sup>72</sup>

Denne kontinuerlege aktiviteten i Bladmannaskulen som brevkule var nok også grunnen til at Aarnes publiserte hefta sine om journalistikk og avisarbeid. Hefta var rett og slett i bruk som læremiddel på brevkulen. Truleg var ingen av hefta tilgjengelege i trykt form i 1919–1921 då Bladmannaskulen vart driven som heiltidstilbod.

Bladmannaskulen til Aarnes vart under krigen mykje utvida, og eit avgrensa namn som Bladmannaskulen passa ikkje godt til ein brevkule med tilbod på mange fleire fagområde enn journalistikk og bladdrift. Den nye og utvida brevkulen fekk i 1942 namnet Framskulane, men journalistutdanninga vart også i somme høve også marknadsført som Bladmannaskulen, og i seinare år ser vi også namnet Bladmannsskulen. Vi vil her omtale brevkulen som «Fram brevkule». I avisannonser i 1940- og 1950-åra reklamerte Fram brevkule med eit breitt kurstilbod. I ein annonse frå mars 1944 tilbaud Fram brevkule:

«Ungdomsskule, realskule, gymnas, bladmannaskule, forfattarskule, handelsskule, teknisk skule, husmorskule, landbruksskule. Dessutan skeid i illustrasjonsteikning, amatørfotografering, talekunst o.m.»<sup>73</sup>

Dei «nye», men medierelevante faga reklamelære, illustrasjonsteikning og talekunst kom inn som nye kurs. Blant anna vart redaktør Agnar Skeidsvoll lærar på Bladmannaskulen. Han hadde i 1935 gjeve ut eit hefte i reklamelære,<sup>74</sup> så på Fram brevkule var han lærar både i journalistikk og reklamelære.

Også etter 1945 heldt Bladmannaskulen / Fram brevkule fram med å reklamere for kurstilboda sine, og utvida også kurstilbodet til å omfatte radiokurs. I ein annonse frå Bladmannsskulen, som blant anna stod i *Gula Tidend* i juni 1948, var overskrifta: «Skal du tala i radio?» og vidare: «Kringkastinga kjem oss nærrare dag for dag, og snart er det kan henda din tur til å stå framfor mikrofonen.» Bladmannsskulen hadde i fleire år hatt eit kurs i «Talekunst» – så overskrifta Radio var nok for å vekke merksem og marknadsføre kurset på ein ny måte.

I porteføljen var også forfattarskule og radiokurs, og dei tilbaud også kurs i fotografering. Så i 1940-åra var Fram brevkule det vi i seinare tid ville kalla multimedial, med journalistskule, forfattarskule, talekunst/radio-arbeid, fotografering, illustrasjonsteikning og reklame som fag i skulen.

Det var ikkje slutt med Fram brevkule sine kurs i journalistikk etter at skulen gjekk ut av Fonna forlag og Aarnes døydde i 1960. Herbjørn Sørebø skreiv eit læreverk – *Journalistikk* – i regi av Fram brevkule,<sup>75</sup> og NRK-mannen Sørebø hadde sjølv sagt med kringkastingsperspektivet i sin versjon av læreverket. NRK-journalisten Lars Jacob Krogh fortalte også at han og Herbjørn Sørebø arbeidde som journalistlærarar for Folkets brevkole, og her snakkar vi altså om to av landets mest kjende journalistar.<sup>76</sup> Ut frå avisannonser ser det ut til at Fram brevkule tilbaud kurs i journalistikk i alle fall etter 1980.

Korleis skal ein i ettertid vurdere arbeidet som vart gjort av Fram brevkule, Bladmannsskulen og dei andre brevkulane? Sett i ein større samanheng var utdanningsnivået i Noreg i 1950-åra mykje lågare enn i dag. Før 1946 fanst det universitet berre i Oslo, så tilgangen på særskilt høgre utdanning var dårlig. Universitetet i Oslo hadde i 1950 ca. 4000–5000 studentar – av ei samla befolkning på litt over tre millionar.<sup>77</sup> I folketeljinga i 1950 vart utdanningsnivået i befolkninga undersøkt for første gong, og ca. to tredelar av alle over 15 år gav opp at dei ikkje hadde utdanning utover folkeskulen. Fem prosent av mennene og tre prosent av kvinnene hadde examen artium. Det var så få som hadde universitetsutdanning at dei nesten ikkje viste igjen i statistikken.<sup>78</sup> Så truleg var journalistutdanninga via brevkule og korte kurs nokså godt tilpassa



Namna på dei tolv elevane i det første kullet på Bladmannaskulen vart trykt i mange aviser. Klipp frå *Møre Tidend* (Ålesund), 2. oktober 1919.

var verksemda til Fram brevkule omtala. Der stod det at Fram brevkule hadde 619 elevar og 508 medlemmer i 51 studieringar. 35 av desse gjekk på bladmannsskulen og 50 på forfattarskulen.<sup>79</sup>

### Elevane – før og etter skulen

Kven var elevane på Bladmannaskulen, og var eller blei dei journalistar? I 10-årssoga og 25-årssoga til Norsk Bladmannalag i 1923 og 1938 vart namna på elevane på dei to første heiltidskulla på Bladmannaskulen lista opp, og i 1938-boka vart det også lista opp ca. 45 elevar som hadde teke brevkursa, altså til saman ca. 60 elevar. I boka frå 1938 vart det opplyst at heile 162 elevar hadde fått opplæring gjennom Bladmannaskulen.<sup>80</sup> Det er 100 færre enn dei som faktisk er lista opp i jubileumsbøkene. Truleg inkluderer talet 162 alle elevane som hadde fått plass på brevkulen, medan dei som er lista opp, kanskje er dei som faktisk gjennomførte. Det er ukjent om elevlistene frå Bladmannaskulen framleis eksisterer, så korleis dette talet på 162 elevar kjem fram, er kanskje ikkje mogleg å få vite.

I ulike andre kjelder vert det også lista opp namn på elevar som har gått Bladmannaskulen. Det er både i «Plan for brevbyteskeid» for fleire år og i *Fram-bladet* som brevkulen gav ut i 1945–1946. Ut frå dette har eg funne ca. 95 namn på elevar ved Bladmannaskulen. Av dei 95 er det ni kvinner.

For dei fleste elevane er det oppgjeve kvar dei kom frå. I tabellen nedanfor er elevane ordna etter kva fylke dei kom frå, eventuelt kva fylke dei budde eller arbeidde i når det er oppgjeve. Somme elevar er det veldig greitt å heimfeste geografisk, men mange av elevane flytta gjerne langt for å få seg jobb. Det gjer at heimfestinga blir nokså skjønsmessig. Men det store bildet blir ikkje endra av dette. Vi nyttar her fylkesinndelinga frå før regionreforma i 2020.

utdanningsnivået, utdanningsmarknaden og rammevilkåra elles på denne tida. Eit brevkurs på eit nytt fagområde ville kunne gi elevane ny kompetanse og ny kunnskap som kanskje ikkje så mange andre hadde. Folk tok neppe kostnaden og tida med ein brevkule berre for å ha det kjekt.

Vi veit ikkje så mykje om talet på elevar på Fram brevkule generelt eller på Bladmannaskulen spesielt. Men den omfattande og kontinuerlege annonseringa og utviklinga av nye kurstilbod og læremiddel ville ikkje vere lønsam utan at det var eit visst tilsig av elevar. Det er også eit teikn på ny og stor aktivitet at Fram brevkule i åra 1944–1946 gav ut eit eige blad, *Fram-bladet*, som bindeledd mellom elevar og lærarar – og tidlegare elevar. I *Fram-bladet* står det lite konkret om talet på elevar, derimot var det i kvar utgåve av bladet helsingar til Fram brevkule frå tidlegare elevar.

I ein artikkel i avisas *Austland* i mai 1951

**Tabell 2: Tal elevar på Bladmannaskulen, fylkesvis.**  
**Elevar på heiltidskursa (1919–1920) og elevar på brevskulen.**

Fylke	1919–1921	Brevskulen	I alt
Troms		1	1
Nordland	1	2	3
Nord-Trøndelag		6	6
Sør-Trøndelag	1	6	7
Møre og Romsdal		7	7
Sogn og Fjordane	2	10	12
Hordaland	4	9	13
Rogaland	5	7	12
Vest-Agder	3	5	8
Aust-Agder	2	5	7
Telemark	1	5	6
Buskerud		1	1
Oppland		1	1
Akershus		1	1
Oslo		5	5
Vestfold			0
Østfold		1	1
Finnmark			0
Hedmark		1	1
I alt	19	73	92

Som vi ser av tabellen, kom godt over tre firedelar av elevane frå fylka frå Telemark til og med Nord-Trøndelag. Dette var også fylka der nynorsk stod sterkest på denne tida. Bladmannaskulen var altså nasjonal når det gjeld rekrytering, men han rekryterte klart best frå nynorskområde. Ut frå heimfestinga ser vi også at få av elevane kom frå store byar. Frå Oslo, Bergen og Trondheim kom det kanskje til saman ti elevar.

Viktigare for den seinare historia er kanskje at det var så få elevar frå det sentrale austlandsområdet og då særleg Oslo, der det var flest aviser og dermed den største arbeidsmarknaden. Dette har nok vore med på å gjøre Bladmannaskulen mindre kjend i Oslo enn i andre delar av landet. Det kan også ha påverka fokus i den seinare historieskrivinga innanfor mediehistorie, avishistorie og historia til norsk journalistutdanning.

I 1938-soga vert det også gjort greie for kva elevane arbeidde med etter skulen. Hovudinntrykket etter denne «kandidatundersøkinga» er at dei fleste elevane hadde fått seg relevant arbeid i aviser og blad etter skulen.

Mange av dei som ikkje lenger arbeidde som bladfolk, arbeidde som lærarar og var aktive i politisk arbeid. Vi ser også at mange av elevane var skrivande seinare i livet, gjerne som lokalhistorikarar eller bygdebokskrivarar.

Den einaste kvinnen som gjekk Bladmannaskulen på heiltid, var Nora Thortveit<sup>81</sup> frå Iveland i dåverande Aust-Agder. Ho vart då også intervjua i vekebladet *For Bygd og By* under overskrifta: «Fyrste kvinne på Bladmannaskulen». Og ho hadde eit journalistisk program:

«Eit blad kan lett verta for einsidugt og turrt og altfor praktisk. Og her trur eg ein kvinneleg journalist hev ei uppgava med aa skapa meir idealitet og friskleik og soleis leggja ein friskare daam yver bladi. I det heile trur eg at kvinnen gjennom bladi kann leggja ein fastare og tryggare grunnstein for samfendet, av di ho kann tala meir beinveges til hjartelaget i heimarne.»<sup>82</sup>

Det er ingen kjelder som viser at Nora Tortveit faktisk fekk seg jobb som journalist, men ho var ein skarp debattant om målsak og norskdom i innlegg i *Agder Tidend* tidleg i 1920-åra. Det ser ut til at ho eigna seg åt hus og heim etter at ho gifta seg i 1925, men ho var aktiv både som medlem og leiar i dei klassiske organisasjonane i målrørsla: ungdomslag, mållag og i bunadsarbeid.<sup>83</sup>

### **Bladmannaskulen i *Pressefolk***

Ein annan måte å få oversyn over elevane i Bladmannaskulen på, er gjennom bøkene *Pressefolk*. Norsk Presseforbund har med ca. ti års mellomrom gjeve ut matriklar over medlemmer i form av trykte bøker for åra 1931, 1939, 1950, 1968, 1979, 1990, og den siste boka kom i 1999. Alle bøkene har tittelen *Pressefolk*. Informasjonen om dei einskilde journalistane, redaktørane og direktørane vart samla inn gjennom sjølvrapportering frå medlemmene i Presseforbundet og omfattar kanskje om lag to tredeler av alle aktive bladfolk for dei aktuelle åra.<sup>84</sup>

Det er svært få av biografiene i *Pressefolk* som opplyser om at medlemmen har teke Bladmannaskulen eller andre brevkurs. I dei tre første utgåvene (1931, 1938 og 1950) er det til saman 19 personar som nemner Bladmannaskulen. Ei mogleg forklaring på manglende oppføringar er at det var så få pressefolk som hadde utdanning som journalist, at det ikkje vart spurt etter dette i skjemaet som vart brukt.

Ein annan måte å gå fram på er å samanlikne namnelista over elevar på Bladmannaskulen – slik vi finn dei i årsskrifta til Bladmannalaget, *Fram-Bladet* og andre kjelder – med namnelista over journalistane som står omskrivne i *Pressefolk*. Har elevane fortalt at dei har gått på Bladmannaskulen? Her dannar det seg eit litt anna bilde. Vi har namna på ca. hundre tidlegare elevar på Bladmannaskulen, og vi finn att ca. ein tredel av desse i *Pressefolk* for åra frå 1931 og seinare – somme namn i fleire utgåver.

Til dømes finn vi Halvor J. Sandsdalen, journalist i *Telemark* og også kjend forfattar. Han oppgjev å ha teke «brevkurs i journalistikk», og brevkurset var altså ved Bladmannaskulen. Ein annan tidlegare elev var Ole Moe, som tok Bladmannaskulen som brevbytekurs 1942–1944. Han vart seinare journalist og redaktør i fleire aviser i A-pressen. Men i biografien i *Pressefolk* nemner ikkje Ole Moe Bladmannaskulen, men derimot at han tok journalistkurs ved Århus universitet. Det er altså langt fleire som tok brevkurs ved Bladmannaskulen enn det vi kan lese i *Pressefolk*. Samtidig er langt frå alle pressefolk registrerte med biografi i *Pressefolk*. Det verkar også klart at mange tidlegare elevar på Bladmannaskulen arbeidde i blad og tidsskrift som låg *utanfor* dagspressa, gjerne innanfor organisasjonsliv, lokalhistorie og skjønnlitteratur.

Det vart nok forventa både frå målfolk og frå motstandarar at Bladmannaskulen ville vere attraktiv for målfolk, og det var jo også poenget med skulen. Men over tid ser vi at når Hans Aarnes tek over skulen og driv han på eiga hand, så opnar han også opp for elevar som skriv på bokmål. Dette vart kunngjort, kanskje litt neddempa.

I eigenreklamen for Bladmannaskulen vart fleire tidlegare elevar siterte på bokmål, og ein av dei var Sverre Mitsem (1907–2004). I ein udatert «Plan for brevbyteskeid» for Bladmannaskulen er Mitsem saman med fleire andre tidlegare elevar presentert under overskrifta: «Kva elevane seier om Bladmannaskulen». Mitsem står med følgande tekst:

«Ikke bare lærer journalistskolen en mye av det en før eller senere må lære, men – like viktig: Den styrker *gleden* ved å skrive.» Sv. Mitsem, redaktør, Oslo»

Bladmannaskulen brukte elevsitata om att fleire gonger. Mitsem var redaktør i Fedrelandslagets avis *ABC* (Oslo) i åra 1933–1938. Så det var truleg eitt av desse åra han kom med sitatet til Aarnes. Seinare var Mitsem journalist og redaktør i *Tønsbergs Blad* (1954–1977). I mini-biografien om han i *Pressefolk* 1979<sup>85</sup> står følgande: «Styremedl. og form. Tønsbergs Riksmålsfor. i en årrekke.» Men kurset i Bladmannaskulen står ikkje ført opp under Mitsem i *Pressefolk* 1979. Ein annan elev på Bladmannaskulen var Margrete Aamot Øverland, kona til riksmålshovdingen Arnulf Øverland.<sup>86</sup>

Vi ser at også pressefolk som ikkje var nynorskbrukarar, tok Bladmannaskulen, og dette tyder både på at Bladmannaskulen i mange år var nokså aleine på marknaden for utdanning av journalistar, og at skulen også i realiteten var open for bokmålsskrivande elevar.

### **Bladmannaskulen får konkurranse**

Hans Aarnes flytta til Oslo (Bygdøy) i 1932 og dreiv Bladmannaskulen vidare som brevkule frå Oslo. Men utover på 1930-åra skulle Bladmannaskulen få fleire konkurrentar.

I 1932 etablerte skulemannen Sigurd Halling (1866–1938) ein «sekretær- og journalistskole» i Oslo «for damer». Halling hadde drive privatskule sidan 1906<sup>87</sup> og hadde blant anna hatt kong Olav som elev. I tidsskriftet *Dagspressen* omtalar Halling skulen. I 1933 var det seks elevar på skulen, men på grunn av stor interesse ville det nok bli fleire seinare. I *Dagspressen* kom det fram at skulen tilbaud eit ni månader langt kurs med nokre timer undervisning midt på dagen. Det skulle leverast seks oppgåver, blant anna sportsreferat.<sup>88</sup> Artiklane til elevane vart publiserte i årsskriftet *Journalistspiren*, som skulen sjølv gav ut. Blant lærarane i 1932 var det fleire kvinner. Esther Normann var timelærar i journalistikk og var kanskje den første norske kvinnelege journalistlæraren.<sup>89</sup> I ein annonse i 1936 blir det opplyst at det kosta 40 kroner i månaden å gå på skulen.<sup>90</sup>

Halling annonserte for skulen i *Aftenposten* og *Morgenbladet*, og dei aller fleste elevane kom frå Oslo eller osloområdet. Elevane vi kjenner til, var blant dei betrestilte i samfunnet. Det kan verke som det var mange flinke elevar som gjekk på sekretær- og journalistskulen til Halling, og det er i grunnen rart at skulen ikkje har vore omtala i historieverk om norsk journalistutdanning.

Av annonsane til skulen går det fram at han også vart opna for menn. *Asker og Bærum*s Budstikke kunne den 23. juni 1937 fortelje at journalisten deira Per Glad hadde vorte uteksaminert med beste karakter frå skulen.

Halling døydde i 1938, og det kan sjå ut til at skulen døydde med grunnleggaren, då det ikkje lenger var annonsar å finne for skulen etter 1937.

I 1937 dukka det opp ein brevkule som også tilbaud brevkurs i journalistikk: KA Akademiet<sup>91</sup> tilbaud «forfatter- og journalistskole». I ein kommentar i *Arbeiderbladet* ironiserte Hans Luihn over dette kurstilbodet, men han fekk også svar frå KA Akademiet.<sup>92</sup> Og i 1943 starta så NKS brevkule med kurs i journalistikk.

I 1946 vart KA Akademiet kort nemnt i *Dagspressen* i lag med ein langt breiare omtale av NKS sitt studietilbod i journalistikk. Der stod blant anna at redaktør Trygve Width (*Morgenbladet*) hadde laga kurset for Korrespondanse-Akademiet.<sup>93</sup>

I oktober 1949 trykte fleire aviser ein notis som fortalte at Hans Aarnes arbeidde med ein statistikk over kvar norske journalistar hadde fått journalistutdanninga si frå. Dette blant anna i samband med at Bladmennaskulen i 1949 skulle feire 30-årsjubileet sitt, og det var også planen å gje ut eit skrift i samband med jubileet.<sup>94</sup> 55 blad hadde førebels svara, og av desse var det 33 journalistar som hadde gått Bladmennsskulen, 22 på skeid i regi av Norsk Presseforbund, 5 ved NKS eller andre brevskular, og ca. 15 hadde gått på andre kurs.

Det er ikkje kjent om arbeidet med denne statistikken nokon gong vart gjennomført, eller kva måte dataa vart samla inn på. Vi veit til dømes ikkje kva blad som vart inviterte til å svare. Aarnes og Bladmennsskulen hadde nok ei eigeninteresse av å få gode tal for sin eigen skule. Men samtidig har vi sett at det før andre verdskrigen kunne vere så mange som 162 elevar som hadde teke Bladmennaskulen heilt eller delvis, og ikkje minst at Aarnes og Bladmennaskulen hadde lang erfaring med journalistopplæring. Vi veit også at under krigen fekk Bladmennaskulen og mange andre brevskular sterkt vekst og mange nye elevar.

Hans Aarnes såg som eigar og drivar av Bladmennaskulen kanskje på dei nye brevskulane som alvorlege konkurrentar til brevkurset til Bladmennaskulen / Fram brevkule. Men det ser ut til at Bladmennaskulen faktisk var den viktigaste utdanningsinstitusjonen for journalistar i alle fall fram til 1943, då NKS starta konkurrerande verksemد.

Resultatet av vurderingane til Norsk Presseforbund var at dei starta si eiga utdanning: Journalistakademiet. Leiør for utdanninga var Carl Just, som hadde drive brevopplæring i journalistikk i regi av NKS sidan 1943. Han hadde også leia journalistkursa i regi av Norsk Presseforbund i åra før Journalistakademiet starta. Just skreiv i 1958 at den viktigaste læreboka på Journalistakademiet var den same boka som han hadde skrive til bruk på NKS-kurset.<sup>95</sup> NKS gav ut ei bok kalla *Hva skal jeg bli? Yrkeshåndboka*, og i 1960-utgåva er journalistutdanning omtala. Der står det at 25 prosent av elevane på Journalistakademiet tidlegare har teke brevutdanning i journalistikk gjennom NKS.<sup>96</sup>

### Vurdering av Bladmennaskulen i ettertida

Carl Just har i sine arbeid og omtalar av journalistutdanning, Journalistakademiet og NKS gjeve inntrykk av at det ikkje fanst noko som helst organisert opplæring av journalistar i Noreg før Just sjølv starta med journalistopplæring. Korkje Bladmennaskulen eller Fram brevkule er nemnde, heller ikkje andre konkurrerande utdanninger som KA Akademiets «Forfatter- og journalistskole».<sup>97</sup>

Men det er svært lite truleg at Carl Just ikkje visste om Bladmennaskulen. Både Aarnes og Just arbeidde i det vesle pressemiljøet i Bergen sentrum tidleg i 1920-åra, og Bladmennaskulen heldt det gåande i to år som fulltidsutdanning. Skulen var også ofte omtala i avisene i byen og landet elles og i fagbladet *Journalisten*, som rett nok berre var organ for oslojournalistane på denne tida. Det er mogleg at Just ikkje var så oppteken av nynorsk, eller at han ikkje ønskte å nemne ei konkurrerande utdanning til sin eigen brevkule.

Kjos Fonn sluttar seg til Carl Justs perspektiv når ho skriv at det i 1950-åra fanst «lite relevant lærestoff», og at Just sjølv hadde skrive sine læremiddel.<sup>98</sup> Men det fanst altså ca. 15 hefte/bøker som allereie var utgjevne av Hans Aarnes og Bladmennaskulen – i alt 700–800 sider. Bøkene var blitt omtala både i *Journalisten* og i *Dagspressen*, og i 1958 var i alle fall Just klar over at desse bøkene fanst.<sup>99</sup>

Bladmennaskulen og brevkurset Bladmennsskulen var vel kjende i si samtid. Det ser vi både av nyhendemeldingar og faglege debattar i tidsskrifta *Dagspressen* og *Journalisten* og seinare i dei statlege

utgreiingane kring starten av Norsk journalistskole i 1965. Men Norsk Presseforbund klarte ikkje å samle seg om å starte ei journalistutdanning.<sup>100</sup> Eit lite apropos til Presseforbundets manglande oppfølging av journalistutdanninga kom i 1919. Ein anonym innendar (signatur: «Utenbys pressemand») kritiserer i *Journalisten* i november 1919 Norsk Presseforbund for å vere ein selskapsklubb for pressefolk i Oslo og lurer på kva leiarane faktisk oppnår. Og han dreg fram Bladmannaskulen som døme på kva andre kan få til:

«Er der istandbragt nogen journalistskole? (En del maalmænd har i en fei greiet langt mer i saa maate end Norsk Presseforbund og Norsk Journalistforbund til sammen!)»<sup>101</sup>

I 1923 var det framleis ikkje etablert ei journalistutdanning i Noreg. Men *Journalisten* refererer frå eit debattmøte der Hr. [Vilhelm] Tvedt sa at 90 amerikanske universitet utdanna journalistar, og han meinte det var på tide at eit slikt tilbod også kom i Noreg. I same møtet vart det også stilt spørsmål om Bladmannaskulen, som Tvedt kjende godt til, men «av en ren distraktion hadde undlatt at nævne».<sup>102</sup>

Nemnde Tvedt hadde sjølv vore på studietur i USA for å sjå på journalistutdanninger, så det verkar rart at han hadde gløymt både studieturen til Aarnes og rapporten hans frå reisa – og Bladmannaskulen. Kanskje kan det tolkast som at Bladmannaskulen også i samtid raskt vart oversett eller gløymd – i allfall av pressefolk i Oslo. Ottar Grepstad nyttar omgrepene «utskiljing» som det sentrale omgrepene for nynorsk presse i mellomkrigstida, og i den grad det stemmer, kan det kanskje sjå ut som at nynorskpressa og Bladmannaskulen var utsilde frå, eller ikkje vart lagde merke til, av det vi kan kalle dei dominerande aktørane i norsk presse i si samtid.

### Tidleg norsk journalistutdanning – eit samla oversyn

Bladmannaskulen vart driven av Norskt Bladmannalag i åra 1919–1921 og kan reknast som den første norske journalistutdanninga. Etter 1921 dreiv Hans Aarnes journalistutdanninga vidare som brevkule i privat regi. Bladmannaskulen var informert om drifta av journalistutdanninga i USA, og hadde også internasjonalt orientert faglitteratur. Undervisningsemna var ein kombinasjon av teori, praksis og samfunnsfag, og lærarane var både praktikarar og akademikarar. Innhaldet i undervisninga var breitt orientert og ikkje snever propaganda. Elevane på skulen kom frå det meste av landet, og mange av dei fekk seg jobb i aviser og blad etter utdanninga på skulen. Bladmannaskulen var truleg den einaste og viktigaste utdanningsinstitusjonen for journalistar i åra frå 1921 til 1943, då skulen fekk konkurransen frå NKS. Bladmannaskulen reklamerte også med at dei var «Journalistskolen» då Hans Aarnes rundt 1930 opna skulen for elevar som ville skrive på bokmål, og skulen var registrert som «Journalistskole» i Norges Handelskalender.

Ein annan tidleg aktør og etter kvart konkurrent av Bladmannaskulen var NKS-brevkule, som starta journalistutdanning i 1943. Den private institusjonen Høgskolen Kristiania er ei direkte vidareføring av NKS brevkule – og har journalistikk blant sine studietilbod.

Journalistakademiet (1951–1964) baserte seg i stor grad på journalistikk-kurset til NKS-brevkule både når det gjeld personar, pensum og kanskje også elevar.<sup>103</sup> Journalistakademiet var både gjennom personar og fagleg orientering ein direkte forløpar til den seinare institusjonen Norsk journalistskole (1965), som i dag er ein del av OsloMet – storbyuniversitetet.

Ut frå dette kan vi teikne ei skisse av den tidlege fasen av norsk journalistutdanning i tabell 3 på neste side, der det har vore eit permanent – men ikkje nødvendigvis omfattande – tilbod om journalistutdanning i Noreg sidan 1919. Vi kan altså snakke om meir enn 100 år med journalistutdanning i Noreg.

Tabell 3: Norske journalistutdanninger før etableringa av Norsk journalistskole i 1965.<sup>104</sup>

Skulenamn	Bladmannaskulen	Hallings sekretær- og journalistskole	NKS	Journalistakademiet
År	1919–1921–1980	1932–1937	1943–dd. <sup>105</sup>	1951–1964
Type	Heiltid – 8 md: Brevskule etter 1921-	Deltid – 9 md.	Brevskule	Heiltid – 9 md.
Eigar	Norskt Bladmannalag. Etter 1921: Hans Aarnes	Sigurd Halling	NKS (Norsk Korrespondanceskole, Ernst G. Mortensen)	Norsk Presseforbund
Fagleg leiar	Hans Aarnes	Ukjend <sup>106</sup>	Carl Just	Carl Just
Elevar (år)	19 (1919–1921) Ca. 45–140 (1922–1938)	Ca. 50	Ca. 3000 <sup>107</sup> (1943–1968)	Ca. 205 (1951–1964)
Elevar per år	9	6–12	120	16
Merknader	1919–1921: Heiltidselevar som fullførte. Etter 1921: Tala er usikre. Dingsøyr 1938	Det er få kjelder om skulen.	Oppgjeve av Carl Just 1968: 11. Truleg er dette talet på elevar som tok til på skulen, og ikkje alle som fullførte.	Oppgjeve i St.prp. nr. 114 (1964–1965)

**Noter:**

- 1 Vi nyttar her omgrepene nynorsk og bokmål om dei to norske språka. Denne omgrepsbruken vart innført i 1929. Før 1929 vart nynorsk ofte kalla landsmål og bokmål kalla riksmaål. I vanleg språkbruk i dag vert riksmaål assosiert med ein privat regulerte konservativ variant av bokmål med Riksmaalsforbundet som fremste organisasjon.
- 2 Bratholm 1968; Hove mfl. 1965: 8
- 3 Dahl 2016: 89
- 4 «Bladmannaskulen» i Store norske leksikon (<https://snl.no/Bladmannaskulen>). Artikkelen står utan kjeldeoppføring og er ei utviding av artiklar frå den trykte utgåva av leksikonet frå 1978.
- 5 Gardeström 2011 og 2016; UNESCO 1958
- 6 Aarnes 1946
- 7 Fonn 2015
- 8 Gardeström 2011
- 9 Fonn 2015 og 2019
- 10 Gardeström 2011 og 2016; Ottosen 1996
- 11 Sjå til dømes Bastiansen og Dahl 2019; Eide 2000; Ottosen 1996.
- 12 Grepstad 2010b og 2010c
- 13 Grepstad 2010a
- 14 Joleik 2005
- 15 Aure og Aarnes 1923; (Dingsøyr mfl. 1938)
- 16 Sunnanå 1972 og 1979
- 17 Sjå takkebrev frå Vinje datert 7. august 1863 i Syn og Segn 1913.
- 18 Gardeström 2011
- 19 Saxe 1935
- 20 Gardeström 2015: 85
- 21 Mirando 2001

- 22 Nettsida til universitetet i Missouri (<https://journalism.missouri.edu/the-j-school/the-j-school-legacy/>)
- 23 «Redaktørskole», av N.J. Sørensen, Posten, 12. januar 1893
- 24 Norsk Presseforbund 1920
- 25 Ottosen 1996
- 26 Norsk Presseforbund 1920; Ottosen 1996: 45; Saxe 1935: 74
- 27 Grepstad 2010a: 76
- 28 Aarnes 1920: 3
- 29 Aarnes 1920
- 30 Aure og Aarnes 1923: 20
- 31 Aarnes og Norskt Bladmennalag 1919: 7, UBB Spesialsamlingane.
- 32 Bergens Tidende, 12. august 1919; Journalisten, mai 1919, s. 38–40
- 33 Asker og Bærumss Budstikke, 15. august 1919
- 34 Vestlandske Tidende, 8. august 1919
- 35 Tidens Tegn, 12. august 1919
- 36 Norig, 13. august 1919
- 37 Bondebladet (Voss), 19. august 1919
- 38 Hardanger (Odda), 5. august 1919
- 39 Toralv Øksnevad i Dagbladet, 5. september 1919. Øksnevad var også sentral politikar for Venstre, med plass i landsstyret.
- 40 Bastiansen 2009
- 41 Aure og Aarnes 1923: 19–29
- 42 Sunnanå 1972: 7
- 43 Røsslund 1999
- 44 Aarnes 1931
- 45 Aarnes og Norskt Bladmennalag 1919: 6
- 46 Joleik 2005
- 47 Aure og Aarnes 1923
- 48 Aarnes og Norskt Bladmennalag 1919: 6
- 49 Store norske leksikon om Torleiv Hannaas ([https://nbl.snl.no/Torleiv\\_Hannaas](https://nbl.snl.no/Torleiv_Hannaas))
- 50 I 1943 gav Bladmennaskulen ut ei bok av Rogers på norsk: Pressemakt og ansvar
- 51 Sunnanå 1972: 9
- 52 Fonn 2015: 144
- 53 Forfattar og journalist Svein Hovet (1907–1982) tok Bladmennaskulen som brevkurs og har skrive ein kort biografi om Hans Aarnes der han kort omtalar bøkene som «lærebøker» (Hovet 1972: 160). I ein katalog (Torjussen 1935) over «Hjelpebøker og planar for studiearbeidet» gjeven ut av «Samnemndi for studiearbeid» (frå 1992: Voksenopplæringsforbundet, [www.vofono.no](http://www.vofono.no)) er tre av bøkene til Aarnes nemnde og omtala som «hjelpebøker», noko som kanskje kan tyde bøker mynta på sjølvstudium.
- 54 Sunnanå 1979: 12
- 55 Aukrust 1945
- 56 Agder Tidend, 23. desember 1924 – ytringa også trykt i Journalisten
- 57 Stortingstidende 1920, s. 1866–1876
- 58 Dagspressen, nr. 11946, s. 5–6
- 59 Jf. Mjeldheim 2006: 287; Ohman-Nielsen 2001: 52–53
- 60 Hoel 2011: 381; Joleik 2005: 54 og 56
- 61 Den 17de Mai, 18. oktober 1919.
- 62 Bladmennaskulen refererer til heiltidsskulen 1919–1921 og til den etterfølgande brevkulen med same namn. I Norges Handelskalender skiftar skulen namn til Bladmennsskulen i 1956–utgåva av kalenderen. I boka Bladarbeid frå 1943 og dei seinare bøkene står «Bladmennsskulen» som utgjevar, og i annonsar i etterkrigstida er skulen omtala som «Bladmennsskulen». I denne artikkelen er både heiltidsskulen og brevkulen omtala som Bladmennaskulen.
- 63 Aure og Aarnes 1923
- 64 Dingsøyr mfl. 1938: 40
- 65 For Bygd og By, 10. januar 1925, s. 6.
- 66 Sunnanå 1979
- 67 Mirando 2001
- 68 Boyesen 1964; Nilsen 1983; Østlyngen 1947

- 69 Vi vil her kalle skulen NKS fordi den hadde litt ulike namn gjennom tidene. NKS var omgjort frå eit privateigd selskap til Ernst G. Mortensens stiftelse i 1976. Stiftinga er eigar av dagens Høgskolen Kristiania. Kristiania har også i dag journalistikk og fleire andre medieretta fag blant studieliboda sine.
- 70 Bastiansen 2006
- 71 Universitetsbiblioteket i Bergen, Spesialsamlingane, Box 10 Stridsarkivet.
- 72 Annonsen stod i fleire aviser på same tid, blant anna i Nationen, 25. januar 1929. Det stod ikkje presisert i alle annonsane at det var valfritt for elevane å bruke nynorsk eller bokmål (riksmål).
- 73 Annonse frå Fram brevkule i 1942, blant anna i avis Sunnhordland, 24. mars 1944.
- 74 Skeidsvoll 1935
- 75 Sørebø 1976
- 76 Aftenposten, 31. mars 2001 [Intervju med Lars Jacob Krogh]
- 77 <https://www.muv.uio.no/uios-historie/tall-og-fakta/hoyere-utdanning-i-norge/studenter-norge-1825-2009.html>
- 78 Statistisk sentralbyrå 1957: 12
- 79 Austland, 16. mai 1951
- 80 Dingsør mfl. 1938: 40
- 81 I elevlistene frå Bladmannaskulen vart namnet hennar skrive Tortveit. I seinare kjelder er namnet skrive Thortveit. I 1925 vart ho gift og nyttå då (også) namnet Naadland.
- 82 For Bygd og By, nr. 9, 1921, s. 323–324.
- 83 Fædrelandsvennen, 19. september 1980, s. 2.
- 84 Hoyer og Ihlen 1998; Werner 1966
- 85 Pressefolk 1979: 135
- 86 Billedbladet Nå, nr. 42 1967, s. 17
- 87 Anderssen og Olafsen 1911: 60
- 88 Dagspressen, nr. 9 1933, s. 3–4.
- 89 Esther Normann (1898–1971) var fødd i Trondenes (Harstad) og vart seinare gift Treider. Ho arbeidde i mange år som journalist i VG og frå 1927 i Morgenbladet. Ho studerte journalistikk ved Columbia i New York i 1919–1920 og skreiv om utdanninga i Journalisten nr. 11/1920: «Journalistskolen i New York. Indtryk av den første utenlandske prøveklut», der ho var svært kritisk til journalistutdanninga og til amerikansk presse. Reidun Kvaale kalla Normann «Morgenbladets 'First lady' i 36 år» (Kvaale 1986: 116–120). Ho arbeidde også som omsettar. Namnet blei elles skrive både Ester og Esther.
- 90 Dagbladet, 12. september 1936, s. 13.
- 91 Det er få kjelder om KA Akademiet si journalistutdanning, men Emil Østlyngen (1947: 176–177) skriv at brevkulen KA Akademiet vart etablert og tilbaud forfattar- og journalistutdanning frå starten av.
- 92 Arbeiderbladet, 23. mars 1939, side 6; Arbeiderbladet, 29. mars 1939, s. 7.
- 93 Dagspressen, nr. 5 1946, side 8.
- 94 Notisen stod blant anna i Gula Tidend, 19. oktober 1949.
- 95 Just 1958: 185–187
- 96 Østlyngen 1960: 237–238
- 97 Sjå blant anna Just 1954: 94–95 og Just 1968: 1971.
- 98 Fonn 2015: 43
- 99 I eit takkebrev frå Journalistakademiet ved Carl Just til Hans Aarnes 25. februar 1958 går det fram at Hans Aarnes hadde sendt Journalistakademiet ei mengd bøker. Just takkar blant anna for «... de instruktive bøker i pressearbeid, De selv har skrevet». Brevet er i Fonna forlag sitt arkiv.
- 100 Carl Just (1974: 2) skriv at det låg føre ein ferdig plan for ei to månader lang journalistutdanning frå Norsk Presseforbund samtidig med at Bladmannaskulen sökte om statsstøtte i 1920.
- 101 Journalisten, november 1919, s. 96–97.
- 102 Journalisten, nr. 6 juni 1923, s. 68.
- 103 Just 1974
- 104 KA Akademiets brevkule er ikkje teken med i tabellen på grunn av magert kjeldetilfang.
- 105 Institusjonen Høgskolen Kristiania er ein etterfølgar av NKS Korrespondanceskole. Kristiania tilbyr journalistutdanning per dato (2024), men har ikkje hatt kontinuerleg journalistutdanning.
- 106 Dagspressen, nr. 9 1933, s. 3–4. Det er Sigurd Halling sjølv som uttalar seg til Journalisten om skulen i intervjuet.
- 107 Tala Just oppgjev, verkar omrentlege og kan truleg vanskeleg samanliknast med tala for dei andre utdanningane.

## Aviser

*Aftenposten* (2001, 31. mars). – Aldri strebet etter applaus» [Intervju med Lars Jacob Krogh].  
*Agder Tidend* (1924, 23. desember). Hev bladi eit ansvar? – også trykt i *Journalisten*.  
*Arbeiderbladet* (1939, 23. mars). Lær ikke å bli forfatter! Advarsel mot en usund reklame, s. 6.  
*Arbeiderbladet* (1939, 29. mars). 'Lær ikke å bli forfatter'. Kunsten å skrive, s. 7.  
*Asker og Bærum Budstikke* (1919, 15. august). Maalfolkets freidighet.  
*Austland* (1951, 16. mai). Framskulane har god søknad.  
*Bergens Tidende* (1919, 12. august). Bladmannaskulen.  
*Billedbladet Nå* (1967, nr. 42) s. 17.  
*Bondebladet, Voss* (1919, 19. august). Nasjonalt syn.  
*Dagbladet* (1919, 5. september). Journalistene og staten.  
*Dagspressen*, (1933, nr. 9). Hallings journalistskole for damer, s. 3–4.  
*Dagspressen*, (1946, nr. 1). Opplæring for bladmenn, s. 5–6.  
*Dagspressen* (1946, nr. 5). To journalistkurser, side 8.  
*Den 17de Mai*, (1919, 18. oktober). Bladmannsupplæringi.  
*For Bygd og By* (1921, vol. 9), s. 323–324.  
*For Bygd og By* (1925, 10. januar, nr. 1), s. 6.  
*Fædrelandsvennen* (1980, 19. september). 80 år [Nora Thortveit Naadland], s. 2.  
*Hardanger, Odda* (1919, 5. august). Bladmannaskulen.  
*Journalisten* (1919, mai). En norsk skole for journalister, s. 38–40.  
*Journalisten* (1919, november). Vor organisation, s. 96–97.  
*Journalisten* (1923, juni, nr. 6) Den norske presseuke 1923, s. 68.  
*Norig* (1919, 13. august). Den akademiske patentvisdomen.  
*Syn og Segn* (1913, vol. 19), s. 456–457.  
*Tidens Tegn* (1919, 12. august 1919). Ogsaa en høiskole.  
*Vestlandske Tidende* (1919, 8. august)

## Arkiv

Stortingstidende 1920, Forhandlinger i Stortinget A., Forhandlinger i Stortinget (nr. 233), 1920.  
 1ste juni kl 5 efterm., Sak nr. 1. «Indstilling fra universitets- og fagskolekomiteen om forskjellige videnskabelige, literære og kunstneriske formaal (indst. S. XXVI), side 1866–1876.  
 Universitetsbiblioteket i Bergen, Spesialsamlingane, Box 10 Stridsarkivet.  
*Aarnes og Norskt Bladmannalag* (1919). *Rundskriv til lagsmennene i Norskt Bladmannalag: Fraa styret*, s. 7. Universitetsbiblioteket i Bergen, Spesialsamlingane: Hannaas Box (Torleiv Hannaas Nynorsk boksamling) xxi

## Litteraturliste

Anderssen, J. og Olafsen, A. (1911). *Studenterne fra 1886: Biografiske meddelelser samlede i anledning av deres 25-aars studenterjubilæum*. Kristiania.  
 Aukrust, O. (1945). *Hva krigen kostet Norge*. Oslo: Dreyer.  
 Aure, A. og Aarnes, H. (1923). *Norskt Bladmannalag gjennom 10 aar—1913–1923: Dei norske bladi gjennom 65 aar 1858–1923: Biografiar av norske bladmenn*. Bjørgvin: JD Beyer.  
 Bastiansen, H.G. (2009). *Lojaliteten som brast. Partipressen i Norge fra senit til fall 1945–2000*, bd. 11. Oslo: Norsk Pressehistorisk Forening.

- Bastiansen, H.G. og Dahl, H.F. (2019). *Norsk mediehistorie* (3. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Boyesen, E. (1964). *Norsk korrespondanceskole gjennom 50 år: 1914–1964*. Oslo: NKS.
- Bratholm, A. (1968). *Innstilling om journalistutdanningen. Fra komitéen til å utrede spørsmålet om journalistutdanningen. Innstilling avgitt 26. november 1968*. Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Dahl, H.F. (2016). *A History of the Norwegian Press, 1660–2015*. Palgrave Macmillan.
- Dingsøyr, P., Andersson, A., Tveite, J. og Skeidsvoll, A. (1938). *Norske bladmenn og norske blad: 25 års skrift for Norsk Bladmannahag og ei 80 års norsk bladsoga*. Bergen: Lunde.
- Eide, M. (2000). *Den redigerende makt: Redaktørrollens norske historie*. Fredrikstad: IJ-forl.
- Fonn, B.K. (2015). *50 år med journalistutdanning: En historie om akademiseringen av et yrkesfag*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Fonn, B. K. (2019). *What do we talk about when we talk about the academisation of journalism?* *Journalistica*, vol 1.
- Gardeström, E. (2011). *Att fostra journalister: Journalistutbildningens formering i Sverige 1944–1970* [Doctoral thesis, monograph, Göteborg: Daidalos].
- Gardeström, E. (2015). Journalistutbildningens historia. I M. Karlsson og J. Strömbeck (red.), *Handbok i journalistik-forskning*, Lund: Studentlitteratur
- Gardeström, E. (2016). Educating Journalists. *The Who, When, How, and Why of Early Journalism Programmes in the Nordic Countries*. I Hovden, J.F., Nygren, G. og Zilliacus-Tikkanen, H. (red.), *Becoming a journalist: Journalism education in the Nordic countries*. Göteborg: NORDICOM.
- Grepstad, O. (2010a). *Avisene som utvida Noreg: Nynorskpressa 1850–2010*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Grepstad, O. (2010b). Integrert og alminneleg: Nynorsk presse 1945–2009. I Hjeltnes, G. (red.), *Norsk presses historie, bd. 3: Imperiet vakler 1945–2010*, s. 363–388. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grepstad, O. (2010c). Utskild og integrert: Nynorsk presse 1880–1945. I Ottosen, R. (red.), *Norsk presses historie, bd. 2: Parti, presse og publikum: 1880–1945*, s. 195–225. Oslo: Universitetsforlaget
- Hoel, O.L. (2011). *Norsk målreising: bd. 2: Mål og modernisering 1868–1940*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hove, O., Ramberg, T., Seland, Johs., Solumsmoen, O. og Straume, A. (1965). *Innstilling om journalistutdanning. Fra et utvalg oppnevnt av Kirke- og undervisningsdepartementet 18. juni 1964. Vedlegg til St.prp. nr. 114 Om Norsk journalistskole*. Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Hovet, S. (1972). *Dei gav oss ein arv. Portrett av sermerkte menneske som sette merke etter seg i kulturlivet*. Øen: Førde.
- Høyter, S. og Ihlen, Ø. (1998). Journalisters utdanning og yrkeserfaring: Et historisk tilbakeblikk. *Norsk medietidsskrift*, 5(2), s. 94–115.
- Joleik, N. (2005). *Albert Joleik – Bladstyrar i brytingstid*, bd. 4. Oslo: Norsk Pressehistorisk Forening.
- Just, C. (1954). *Spesialutdannelse av journalister*, bd. 8. København: Berlingske Pressebibliotek.
- Just, C. (1958). Norway. I UNESCO: *The training of journalists. A world-wide survey on the training of personnel for the mass media*, s. 185–187. Paris: Unesco.
- Just, C. (1968). *Avisen og journalisten: En bok for vordende journalister*. Oslo: Mortensen.
- Just, C. (1971). *Med penn og bue: Av en pressemanns erindringer*. Oslo: Mortensen.
- Just, C. (1974). *Journalistutdannelsen i Norge: Fra de første pressekurs via Journalistakademiet til Norsk Journalistskole*, bd. 3. Norsk redaktørforenings småskrifter, Oslo: Norsk Redaktørforening
- Kvaale, R. (1986). *Kvinner i norsk presse gjennom 150 år*. Oslo: Gyldendal.
- Mirando, J.A. (2001). Embracing Objectivity Early On: Journalism Textbooks of the 1800s. *Journal of Mass Media Ethics*, 16(1), s. 23–32.

- Mjeldheim, L. (2006). *Den gylne mellomvegen. Tema frå Venstres historie 1905–1940*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nilsen, E. (1983). *Trekk av brevundervisningens historie: Innovasjonsprosjektet*, del 2, bd. 3. Pedagogisk forskningsinstitutt, Universitetet i Oslo.
- Norsk Presseforbund (1920). *Norsk Presseforbund gjennem de første 10 aar 1910–1920: Beretning om forbundets virksomhet*. Oslo: Norsk Presseforbund.
- Ohman-Nielsen, M.-B. (2001). *Bondekamp om markedsmakt. Senterpartiets historie 1920–1959*. Oslo: Senterpartiet / Det Norske Samlaget.
- Ottosen, R. (1996). *Fra fjærpenn til Internett: Journalister i organisasjon og samfunn*. Aschehoug : I samarbeid med Norsk journalistlag. Oslo: Aschehoug.
- Pressefolk [1931]: Biografiske opplysninger om Norsk Presseforbunds medlemmer 1930. Oslo: Norsk Presseforbund.
- Pressefolk [1938]: Biografiske opplysninger om Norsk Presseforbunds medlemmer 1938 (2. utg.). Oslo: Norsk Presseforbund.
- Pressefolk [1950]: Biografiske opplysninger om Norsk Presseforbunds medlemmer 1950 (3. utg.). Oslo: Norsk Presseforbund.
- Pressefolk [1967]: Biografiske opplysninger om Norsk Presseforbunds medlemmer: 1967 (4. utg.). Oslo: Norsk Presseforbund.
- Pressefolk [1979]: Biografiske opplysninger om medlemmer i Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening, Norske Avisers Landsforbund. Fredrikstad: Institutt for journalistikk.
- Pressefolk [1990] ([6. utg.]). Fredrikstad: Institutt for journalistikk.
- Pressefolk [1997] (7. utg.) v/Nils E. Øy, Fredrikstad: Institutt for journalistikk.
- Rogers, J.E. (1943). *Pressemakt og ansvar*. Oslo: Bladmannaskulen.
- Røssland, L.A. (1999). *Presseskikkens samtalé: Samtaleposisjonar for Norsk presseforbund sitt faglege utval: 1930–1972*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Saxe, L. (1935). *Norsk Presseforbund: 1910–1935*. Oslo: Norsk Presseforbund.
- Skeidsvoll, A. (1935). *Norsk reklamelære for handel, yrke og skular*. Bergen: Garnæs.
- Statistisk sentralbyrå. (1957). *Folketellingen 1. Desember 1950: 6: Personer 15 år og mer etter utdanning*, bd. 258. Oslo: Aschehoug.
- Sunnanå, O. (1972). Brevskuleopplæring på nynorsk gjennom 50 år. I *Norsk skuleårbok 1971*, s. 3–22. Noregs lærarmållag, Trondheim: Rune.
- Sunnanå, O. (1979). *Framvoksteren av nynorsk: Brevskuleopplæring*, bd. 8. Universitetet i Oslo, Pedagogisk forskningsinstitutt.
- Sørebø, H. (1976). *Journalistikk*. Oslo: Fram brevkule.
- Torjussen, A. (1935). *Hjelpebøker og planar for studiearbeidet*, Samnemndi for studiearbeid: Oslo.
- UNESCO. (1958). *The training of journalists. A world-wide survey on the training of personnel for the mass media*. Paris: Unesco.
- Werner, A. (1966). *Norske journalister*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Østlyngen, E. (1947). Korrespondanseundervisning i Norge. I *Norsk pedagogisk årbok, 1946/47*. Levanger: Noregs pedagogiske landslag.
- Østlyngen, E. (red.) (1960). *Hva skal jeg bli?: Yrkeshåndboka* (10. utg.). Oslo: Norsk korrespondanceskole.
- Aarnes, H. (1920). *Journalistskular i Amerika*. Norsk Bladmannahallag.
- Aarnes, H. (1922). *Bygdemeldaren: Handbok for bladmeldarar i bygdene*. Bjørgvin.

- Aarnes, H. (1925a). *Den norske pressa i Amerika: Og ein glytt inn num døri til amerikanske storblad*. Agder Tidends Prenteverk.
- Aarnes, H. (1925b). *Den utsende medarbeidaren*.
- Aarnes, H. (1926). *Bladstyraren*. Kristiansand S.: Agder Tidends prenteverk.
- Aarnes, H. (1927). *Bladmannen*.
- Aarnes, H. (1928). *Bladdirft: Den økonomiske sida*. Kristiansand.
- Aarnes, H. (1929). *Bygdemeldaren: Handbok for bladmeldarar i bygderne*, 2. utg. Kristiansand.
- Aarnes, H. (1931). *Lovi um aandsverk: Vedteki 6. Juni 1930*. Noregs Boklag.
- Aarnes, H. (1943). *Bladarbeid*. Bladmannsskulen Oslo.

